

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

**Vår dato:** 16.03.2023  
**Vår ref.:** 202119652-4 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 21/796 - 23/1545

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE si fråsegn til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Hosteland Vest - PlanID 4634 20210003 - Masfjorden kommune**

Vi viser til brev datert 13.02.2023. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Hosteland Vest. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for om lag 50 bustader i form av einebustader og fleirmannsbustader, friluftsområde mot sjø, og brygger.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **NVE sin konkrete uttale**

#### Skred i bratt terreng

Innanfor planområdet er det fleire bratte skrentar. Det er positivt at fagkyndige er engasjert for å avklare skredfare i planområdet. De har vurdert at planlagt utbygging fell under tryggleiksklasse S2, jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Multiconsult har vurdert skredfaren og utarbeidd faresonekart som syner areal utsett for skredfare med sannsyn  $\geq 1/1000$ . Steinsprang er den aktuelle og dimensjonerande skredtypen. Rapporten er datert 22.12.2022. I plankartet er faresonene avsett som omsynssone H310 Ras- og skredfare. I følge føresegn til H310 kan det gjennomførast sikringsarbeid innanfor omsynssona, og det skal ikkje settast opp nye bygningar eller anlegg før området er dokumentert sikra i samsvar med byggteknisk forskrift.

NVE vi rå dykk til å ta inn i føresegnene at omsynssone H310 omfattar areal med skredfare med sannsyn  $\geq 1/1000$ .



Vi ser elles av plankartet at det blir lagt opp til utbygging innanfor nokre av faresonene. Dette gjeld BF01, BF01, BF07, BK1, BK2. LEK2 er også plassert delvis nedanfor ein slik bratt skrent med fare for steinsprang. Generelt rår NVE frå å bygge ut område som treng sikring for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Ein pådreg seg eit ettersyns- og vedlikehaldsbehov over lang tid der kostnader og ansvar kan være utfordrande å plassere og følge opp. Etter vårt syn vil det i denne planen vere fullt mogeleg å justere byggeområda/byggegrensene slik at ein unngår bygging i område som ikkje har tilstrekkeleg tryggleik frå naturen si side.

Plangrensa i nord går delvis i ei eigedomsgrense. Eventuelle sikringstiltak mot steinsprang i BF01 og BK1 ser ut til å måtte gjennomførast også utanfor planområdet. Dersom de ikkje flyttar byggegrensa/byggeområdet slik at utbygginga skjer i område med tilstrekkeleg tryggleik frå naturen si side, har vi eit **sterkt fagleg råd** om at de må utvide planområdet. Alt areal der det er aktuelt å gjennomføre sikringstiltak i bør inngå i planområdet.

### Omsyn til vassdrag

Nord for planområdet ligg eit lite vatn som vi av planmaterialet forstår heiter Stemmevatnet. Tilkomstvegen o\_KV1 med skråningsutslag er lokalisert slik at vegen kryssar vatnet heilt sør nær utløpet. Av flyfoto ser vi at dette er eit grunt område. I planomtalen side 32 står det at ein kulvert med dimensjon Ø1400 mm vil ha tilstrekkeleg kapasitet for å sikre flaumkapasitet frå Stemmevatnet. Mellom vatnet og sjøen renn ei elv med kulturminne knytt til elva, dvs. kvern, restar av kverner, og sag. I konsekvensutgreiinga er daldraget med elva sentralt i, karakterisert som eit element som framhevar seg i landskapsbiletet.

NVE meiner at inngrepet i vassdraget, dvs. utfyllinga over den smale tarmen ved Stemmevatnet sitt utløp, kjem dårleg fram i planskildring og konsekvensutgreiing. Ut over det vi kan lese av plankartet, så er vassdragstiltaket dårleg gjort greie for. Det ser heller ikkje ut til å vere gjort konkrete vurderingar av ålmenne interesser i vassdraget. Vi viser her til rettleiinga de finn i trinn 15 i vår [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#).

Vi kjenner ikkje til at det er avgjerande ålmenne interesser som vert skadelidande ved denne utfyllinga. Ut frå det generelle omsynet til vassdrag er det likevel uheldig med ei slik utfylling på tvers av den naturlege landskapsforma i området. Sett frå vatnet vil utfyllinga kunne sjå ut som eit framandelement. Det kan og sjå ut som om vegen tek ein unødvendig sving oppom vatnet sitt utløp. NVE vil rå dykk til å arbeide litt meir med planen i dette området, og legge vegen si kryssing av vassdraget noko lenger mot sør.

### Flaumfare og flaumvegar – overvatn

Bortsett frå elva i daldraget mellom Stemmevatnet og sjøen kan vi ikkje sjå at det er markerte vassdrag i planområdet som kan føre til flaumfare. Elva renn gjennom areal som er regulert til LNFR. Det er positivt at de har gjeve elva god plass. I tillegg til elva er det fleire vassvegar som leier overvatn gjennom planområdet og til sjøen.

Overvatn har fått lite merksemd i planen. I planskildringa står det at det er foreslått at nye overvassleidningar hovudsakleg vert lagt langs tilkomstvegar med utslepp til



Hostelandsosen. Dei nye internvegane vil fungere som naturlege flaumvegar som leier vatnet vekk frå planlagd utbygging.

NVE vi rå dykk til å arbeide noko meir med korleis overvatn skal handterast. De bør kartlegge flaumvegar/vassvegar for overvatn før utbygging. Desse flaumvegane bør de markere i plankartet, slik at de unngår å plassere utbygging i område der det kan vere fare for overvasskader. Så bør de planlegge, og markere i plankartet, kvar overvatnet skal ha trygge flaumvegar til resipient etter utbygging.

Vi viser elles til [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#). Planretningslinjene legg vekt på at planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering. Dersom andre løysingar enn dei naturbaserte vert valde bort skal det grunngjevast.

NVE har utarbeidd ein ny rettleiar [4/2022 Handtering av overvatn i arealplanar](#). Rettleiaren er laga for å støtte kommunane med å forebygge skade frå overvatn gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*



**Mottakarar:**

Masfjorden kommune

**Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND